

# Saksbehandling av individuelt tilrettelagd opplæring i privatskular

## Føremål

Rutina skal sikre god saksbehandling for elevar med behov for individuell tilrettelegging etter opplæringslova § 11-4 og 11-5.

Det er heimfylket til eleven som har ansvar for at det blir utarbeidd sakkunnig vurdering og vedtak om individuell tilrettelegging.

## Lovheimel

Rutina er forankra i [opplæringslova](#) §§ 11-4 til 11-11 og [privatskolelova](#) kapittel 3 og 5A, samt [privatskoleforskrifta](#).

## Omfang

Rutina gjeld elevar i privatskular, privatskulane, fylkeskommunen og fylkeskommunal PPT.

NB! Dersom eleven berre treng personleg assistanse og/eller fysisk tilrettelegging etter oppl. § 11-4 og 11-5, må ein følgje ei anna rutine: *Rutine for saksbehandling av personleg assistanse og fysisk tilrettelegging*. Dersom eleven treng både individuelt tilrettelagd opplæring og individuell tilrettelegging som personleg assistanse og fysisk tilrettelegging, skal du følgje framgangsmåten skildra nedanfor.

## Framgangsmåte

Privatskular har plikt etter prskol. § 3-4 c til å sørkje for at lærarane følgjer med på utviklinga til elevane og melder i frå til dagleg leiar dersom det er tvil om at ein elev har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, om det må til skal skulen setje i verk eigna tiltak, jf. § 3-4 b (tilpassa opplæring).

Dersom tiltak som del av tilpassa opplæring innanfor rammene av det ordinære opplæringstilbodet ikkje er tilstrekkeleg for å sikre elev eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal individuell tilrettelegging vurderast av skulen, jf. prskol. § 3-4 c- andre avsnitt. Sjå tabell under for nærmare skildring av prosedyren vidare.

Treng eleven individuelt tilrettelagt opplæring etter oppl. § 11-6, må det først sendast tilvising til PP-tenesta for ei sakkunnig vurdering av eleven sitt behov. Når sakkunnig vurdering frå PP-tenesta ligg føre, kan den leggjast ved ei søknad om individuelt tilrettelagd opplæring.

Som hovudregel treffast det enkeltvedtak om individuell tilrettelegging for eit skuleår om gangen. Har eleven eit varig og stabilt behov for individuell tilrettelegging, kan fylkeskommunen treffe eit enkeltvedtak som gjeld fleire år om gangen, så lenge vi har eit forsvarleg grunnlag for avgjerse. Skulen har eit ansvar for å jamleg vurdere eleven sitt utbytte av opplæringa. Dersom eleven får individuell tilrettelegging på bakgrunn av eit enkeltvedtak som er i ferd med å gå ut, men eleven framleis treng individuell tilrettelegging, må det søkjast om nytt enkeltvedtak i god tid etter framgangsmåten skildra i tabellen på neste side.

Har ein elev omfattande behov for individuell tilrettelegging og det er openbert at ein elev ikkje vil kunne få eit tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, sjølv med tiltak som del av tilpassa opplæring, kan eleven tilvisast til PP-tenesta utan nærmare krav til utprøving av tiltak som del av tilpassa opplæring. Tidleg innsats er viktig for å gi elevar dei beste føresetnader. Fylkeskommunen kan i særlege tilfelle der ein elev har eit openbert og omfattande behov for individuelt tilrettelagd opplæring, treffe mellombels enkeltvedtak i påvente av gyldig sakkunnig vurdering og nytt enkeltvedtak.

OBS! For all skriftleg kommunikasjon mellom elev/føresette/skule og fylkeskommunen som inneheld sensitive opplysningar må [eDialog](#) nyttast, med mindre det skal brukast ei anna digital søknads- eller samtykkjeskjema.

Sjå tabell under for nærmare framgangsmåte.

For elevar som treng berre individuelt tilrettelagd opplæring etter oppl. § 11-6, eller fleire formar for individuell tilrettelegging inkludert individuelt tilrettelagd opplæring.			
Husk krav til kompetanse hos den som skal gi individuelt tilrettelagd opplæring jf. oppl. § 11-9			
KVA	KORLEIS	NÅR	ANSVAR
1. Oppdag og undersøk eleven sitt behov for individuell tilrettelegging.	Lærar startar ei prosess for nærmare undersøking av eleven sitt behov ved mistanke om eit utilfredsstillande utbytte av opplæringa.  Skulen utarbeider ei pedagogisk rapport og skildrar kva individuell tilrettelegging eleven treng i eit eige dokument. Skulen skal samarbeide med elev og føresette om opplæringstilbodet til eleven. Fylkeskommunen har ei mal for pedagogisk rapport som kan nyttast.  Alternativt kan behovet bli oppdaga tidleg og før skulestart for elevar som kjem frå grunnskulen eller andre skular ved hjelp av overføringsmøter med tidlegare skule, føresette, elev og skule.	Fortløpande – så raskt eleven sitt behov blir kjent.	Skule

<p>2. Tilvise elev til PPT</p>	<p>Elev kan tilvisast til PPT her, det må også bli gitt samtykke: <a href="#">Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) - Vestland fylkeskommune</a></p> <p>Følgjande må vera klart og vedlagt tilvisinga:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Pedagogisk rapport (fylkeskommunen har mal som kan nyttast)</li> </ul>	<p>Fortløpande – så raskt eleven sitt behov er kartlagt</p>	<p>Skule/ elev/ føresette</p>
<p>3. PPT utarbeidar sakkunnig vurdering</p>	<p>Saksbehandlar startar prosessen med å utarbeida sakkunnig vurdering.</p> <p>Dersom det blir klart at saksbehandlingstida tek lenger tid enn 4 veker, må det sendast førebels svar til elev/føresette/skule jf. fvl. § 11a.</p> <p>Sakkunnig vurdering sendast til elev. Føresette og skule skal som hovudregel få kopi av vedtaket, med mindre det ikkje gis samtykke av elev over 15 år med rettsleg handleevne.</p>	<p>Innan 4 veker etter å ha motteke tilvisinga.</p>	<p>PPT ved rettleiingstenesta</p>
<p>4. Send søknad om individuell tilrettelegging etter oppl. § 11-6 og eventuelt §§ 11-4 til 11-5.</p>	<p>Skulen bør hjelpe med å sende søknad i samråd med elev/føresette, for å sikre ei effektiv saksbehandling.</p> <p>Digital søknadsskjema finst på fylkeskommunen sine nettsider og sendast til fylkeskommunen ved seksjon for inntak, forvaltning og sluttvurdering.</p> <p>Følgjande må vera lagt ved søknaden:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samtykkje frå elev/føresette til enkeltvedtak om individuell tilrettelegging. Dersom eleven er 15 år og har rettsleg handleevne, skal eleven gi samtykkje sjølv.</li> <li>• Samtykkje til å saksbehandle og dele opplysningar.</li> </ul> <p>Dersom det søkjast om eit mellombels enkeltvedtak om individuell tilrettelegging i</p>	<p>Fortlaupande – så raskt eleven sitt behov er kartlagt.</p>	<p>Skule/ elev/ føresette</p>

	<p>påvente av oppdatert sakkunnig vurdering i særlege tilfelle, må følgjande vera lagt ved:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ei skildringa av naudsynte tiltak i opplæringstilbodet for elev, med utgangspunkt i ei pedagogisk kartlegging.</li> <li>- Tidlegare sakkunnig vurdering og enkeltvedtak.</li> <li>- Samtykkjer som ved ordinære enkeltvedtak.</li> </ul>		
5. Fylkeskommunen ved IFS behandlar søknaden og treffer enkeltvedtak.	<p>Saksbehandlar kontrollerer søknaden og dokumentasjon, før endeleg enkeltvedtak treffast.</p> <p>Dersom det blir klart at saksbehandlingstida blir meir enn 4 veker, må saksbehandlar senda eit førebels svar jf. forvaltningslova § 11a.</p> <p>Endeleg enkeltvedtak sendast til elev. Føresette og skule skal som hovudregel få kopi av vedtaket, med mindre det ikkje gis samtykke av elev over 15 år med rettsleg handleevne.</p>	Innan fire (4) veker etter motteke søknad.	Fylkeskommunen ved IFS
6. Individuell opplæringsplan (IOP)	<p>Skule utarbeidar IOP.</p> <p>Dersom elev har enkeltvedtak for fleire år om gangen, må skulen utarbeida IOP kvart skuleår.</p> <p>IOP sendast elev/føresette og fylkeskommunen ved IFS.</p>	Innan to (2) veker etter motteke enkeltvedtak.	Skulen
7. Refusjon for individuell tilrettelegging	<p>Skulen sender refusjonskrav for individuell tilrettelegging i tråd med enkeltvedtak.</p> <p>Se eiga rutine for refusjon.</p> <p>Refusjonskravet sendast til fylkeskommunen ved IFS.</p>	Innan skuleåret er over	Skulen
8. Årsvurdering	<p>Skulen utarbeidar årsvurdering.</p> <p>Dersom elev har enkeltvedtak for fleire år om gangen, må skulen utarbeida årsvurdering kvart skuleår.</p>	Innan 15. juni.	Skulen

	Årsvurdering sendast elev/føresette og fylkeskommunen ved IFS.		
--	--	--	--